

Måling av fastleik i kjernefrukt

Fastleiksmåling av eple og pære er eit viktig parameter for å avgjera mognings- og utviklingsgrad. Til slike målingar nyttar ein penetrometer som er eit instrument ein held i handa eller festar til eit stativ for å oppnå meir nøyaktig måling. Ein måler fastleik i kg per cm² og dei fleste instrument har eit måleområde på opp til 13 kg per cm². Eit penetrometer måler den krafta som er nødvendig for å presse eit stempel av ein spesifisert storleik inn i fruktkjøtet. Det trengs mykje mindre kraft å presse inn eit stempel i ei mogen frukt (låg fastleik) enn ei umogen frukt (høg fastleik).



Framgangsmåte

1. Kontroller at penetrometeret fungerer som det skal ved å sjekka at stampelet rører seg fritt, at pila beveger seg langs skalaen og vert nullstilt når ein trykkjer inn nullstillingsknappen.
2. Bruk ein fruktskrellar (fyl ofte med i pakken) til å fjerna fruktskal frå eit lite måleområde (om lag 1 cm i diameter) på solsida og skuggesida av frukta. Dette måleområdet bør vera om lag midt i mellom stilk og fruktbotn. Fruktskalet på prøvepunktet skal vera fin og fri for skade. Det kan også nyttast kniv for å fjerna fruktskal, men ver då merksam på å ikkje skjera for djupt.
3. Ein brukar ulike stempel til ulik frukt. Til eple vert det nytta eit stempel på 11 mm og til pære vert det nytta eit stempel på 8 mm. Sjekk at du har rett stempel i penetrometeret!
4. Nullstill penetrometeret ved å trykke inn ein knapp. Denne er som regel plassert nede til venstre på penetrometeret. Hald frukta mot eit hardt underlag og før stampelet vertikalt inn i fruktkjøtet på det området der det er fjerna fruktskal. Hald armen inntil sida for å sikre at ein pressar med sakte fart og konstant trykk. Stempelet skal først innover i fruktkjøtet inntil streken på stempelet er på nivå med fruktoverflata (ikkje heilt inn til sprutplata over stempelet).
5. Les av verdien på fastleiksskalaen. Gjer deretter like eins i det skalfrie feltet på motsett side av den same frukta. Hugs å nullstille penetrometeret mellom kvar måling!
6. Vanleg storleik på ein prøve er 10 frukter. For å få mest mogleg jamne resultat, bør ein person testa heile prøven.
7. Etter bruk vaskar ein stempel og plate med reint vatn, tørkar instrumentet og legg det attende i skrinet som fylgde med ved kjøp. Ein kan risikere at stempelet gror fast i måleapparatet dersom ein slurvar med reinhaldet.